



## STORTINGET

# Lovvedtak 79

(2020–2021)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 279 L (2020–2021), jf. Prop. 81 L (2020–2021)

---

I Stortingets møte 11. mars 2021 ble det gjort følgende

### vedtak til lov

om endringer i boligbyggelagsloven, borettlagsloven og eierseksjonsloven  
(digitale møter, elektronisk kommunikasjon mv.)

#### I

I lov 6. juni 2003 nr. 38 om bustadbyggjelag gjøres følgende endringer:

§ 1-5 skal lyde:

§ 1-5 *Meldingar mv.*

(1) Styret avgjer korleis meldingar og liknande til andelseigarane etter denne lova skal givast. Andelseigarane kan reservere seg mot å ta imot meldingar elektronisk. Styret skal informere andelseigarane i rimeleg tid før ny kommunikasjonsmåte blir teken i bruk. Meldingar skal givast på ein trygg og tenleg måte.

(2) Når ein andelseigar skal gi meldingar og liknande etter denne lova til laget, kan han eller ho gjøre dette ved bruk av elektronisk kommunikasjon til den e-postadressa eller på den måten laget har fastsett for dette føremålet.

(3) Krav i lova om at meldingar og liknande skal vere skriftlege eller givast skriftleg, er ikkje til hinder for elektronisk kommunikasjon.

(4) Departementet kan i forskrift gi føresegner om krav til meldingar og liknande mellom laget og andelseigarane.

Ny § 1-6 skal lyde:

§ 1-6 *Utarbeiding og oppbevaring av dokumentasjon*

(1) Styret skal utarbeide og oppbevare dokumentasjon som det er krav om etter lova, på ein trygg og for-

svarleg måte. Dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg frå Noreg.

(2) Krav om at dokumentasjon skal vere eller givast skriftleg, er ikkje til hinder for bruk av elektroniske løysingar.

(3) Departementet kan i forskrift gi føresegner om oppbevaringstid for bestemte dokumenttypar, kva som er eigna format på dokumentasjonen, kva som skal reknast som trygg og forsvarleg utarbeiding og oppbevaring, og om tryggleiksnivået for signatur.

§ 2-6 skal lyde:

§ 2-6 *Stifting av laget*

Stiftarane skal datere og *signere* stiftingsdokumentet. Når alle stiftarane har *signert* stiftingsdokumentet, er andelane teikna og laget stifta. *Stiftingsdokumentet kan opprettast på papir eller gjennom elektronisk løysing for stifting av bustadbyggjelag godkjend av Føretaksregisteret.*

§ 2-8 første ledd skal lyde:

(1) Laget skal meldast til Føretaksregisteret innan tre månader etter at stiftingsdokumentet er *signert*.

§ 5-2 annet ledd skal lyde:

(2) Fullmektigen skal legge fram skriftleg fullmakt. *Fullmakta skal vere signert og datert.* Fullmakta gjeld berre for den førstkomande generalforsamlinga om det ikkje går tydeleg fram at noko anna er meint. Andelsei-

garen kan når som helst kalle tilbake fullmakta. *Første og andre punktum gjeld tilsvarande for tilbakekalling av fullmakta.*

**§ 5-6 nytt fjerde ledd skal lyde:**

(4) Styret avgjer korleis generalforsamlinga skal gjennomførast. Generalforsamlinga skal gjennomførast som fysisk møte dersom minst ein tjuandedel av andelseigarane krev det. Styret kan setje ein frist for når eit krav om fysisk møte kan fremjast. Fristen kan tidlegast gå frå andelseigarane har blitt informerte om kva saker generalforsamlinga skal behandle, og må vere så lang at andelseigarane får rimeleg tid til å vurdere om dei skal fremje krav om fysisk møte. Dersom generalforsamlinga ikkje blir gjennomført som fysisk møte, må styret syte for ei forsvarleg gjennomføring og at det ligg føre system som sikrar at krava til generalforsamling i lova er oppfylte. Systema må sikre at deltakinga og røystinga kan kontrollerast på ein trygg måte, og det må brukast ein trygg metode for å stadsfeste identiteten til deltakarane.

**§ 5-7 nytt tredje ledd skal lyde:**

(3) Føresegna i § 5-6 fjerde ledd gjeld tilsvarande for ekstraordinære generalforsamlingar.

**§ 5-17 tredje ledd første punktum skal lyde:**

Møteleiarene og minst ein annan person som generalforsamlinga skal velje mellom dei som er til stades, skal signere protokollen.

**§ 6-17 første ledd skal lyde:**

(1) *Styreliaaren avgjer om sakene skal behandlast i fysisk møte eller på annan måte.*

**§ 6-26 tredje ledd første og annet punktum skal lyde:**

Protokollen skal signerast av styremedlemmene som har vore med på behandlinga i styret. Har styret minst fem medlemmer, og er vedtak gjort i møte, kan styret velje to til å signere.

II

I lov 6. juni 2003 nr. 39 om burettslag gjøres følgende endringer:

**§ 1-6 skal lyde:**

**§ 1-6 Meldingar mv.**

(1) *Styret avgjer korleis meldingar og liknande til andelseigarane etter denne lova skal givast. Andelseigarane kan reservere seg mot å ta imot meldingar elektronisk. Styret skal informere andelseigarane i rimeleg tid før ny kommunikasjonsmåte blir teken i bruk. Meldingar skal givast på ein trygg og tenleg måte.*

(2) Når ein andelseigar skal gi meldingar og liknande etter denne lova til laget, kan han eller ho gjere dette ved bruk av elektronisk kommunikasjon til den e-post-

adressa eller på den måten laget har fastsett for dette føremålet.

(3) *Krav i lova om at meldingar og liknande skal vere skriftlege eller givast skriftleg, er ikkje til hinder for elektronisk kommunikasjon.*

(4) *Departementet kan i forskrift gi føresegner om krav til meldingar og liknande mellom laget og andelseigarane.*

**Ny § 1-7 skal lyde:**

**§ 1-7 Utarbeidning og oppbevaring av dokumentasjon**

(1) Laget skal utarbeide og oppbevare dokumentasjon som det er krav om etter lova, på ein trygg og forsvarleg måte. Dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg frå Noreg.

(2) Krav om at dokumentasjon skal vere eller givast skriftleg, er ikkje til hinder for bruk av elektroniske løysingar.

(3) Departementet kan i forskrift gi føresegner om oppbevaringstid for bestemte dokumenttypar, kva som er eigna format på dokumentasjonen, kva som skal reknast som trygg og forsvarleg utarbeidning og oppbevaring, og om tryggleiksnivået for signatur.

**§ 2-7 skal lyde:**

**§ 2-7 Stifting av laget**

Stiftarane skal datere og signere stiftingsdokumentet. Når alle stiftarane har signert stiftingsdokumentet, er andelane teikna og laget stifta. *Stiftingsdokumentet kan oppretta på papir eller gjennom elektronisk løysing for stifting av burettslag godkjend av Føretaksregisteret.*

**§ 2-9 første ledd første punktum skal lyde:**

Laget skal meldast til Føretaksregisteret innan tre månader etter at stiftingsdokumentet er signert.

**§ 7-4 nytt fjerde ledd skal lyde:**

(4) Styret avgjer korleis generalforsamlinga skal gjennomførast. Generalforsamlinga skal gjennomførast som fysisk møte dersom minst to andelseigarar som til saman har minst ein tiandedel av røystene, krev det. Styret kan setje ein frist for når eit krav om fysisk møte kan fremjast. Fristen kan tidlegast gå frå andelseigarane har blitt informerte, om kva saker generalforsamlinga skal behandle, og må vere så lang at andelseigarane får rimeleg tid til å vurdere om dei skal fremje krav om fysisk møte. Dersom generalforsamlinga ikkje blir gjennomført som fysisk møte, må styret syte for ei forsvarleg gjennomføring og at det ligg føre system som sikrar at krava til generalforsamling i lova er oppfylte. Systema må sikre at deltakinga og røystinga kan kontrollerast på ein trygg måte, og det må brukast ein trygg metode for å stadsfeste identiteten til deltakarene.

**§ 7-5 skal lyde:**

(1) Ekstraordinær generalforsamling skal haldast når styret finn det nødvendig, eller når revisor eller minst to andelseigarar som til saman har minst ein tian dedel av røystene, krev det og samtidig seier kva saker dei ønskjer skal takast opp.

(2) *Føresegna i § 7-4 fjerde ledd gjeld tilsvarende for ekstraordinære generalforsamlinger.*

§ 7-9 annet ledd annet punktum skal lyde:

Protokollen skal *signerast* av møteleieren og minst ein andelseigar som generalforsamlinga skal velje mellom dei som *deltek*.

§ 8-5 nytt tredje og fjerde punktum skal lyde:

*Styreleieren avgjør om sakene skal behandlast i fysisk møte eller på annan måte. Alle styremedlemmene kan krevje fysisk møte.*

§ 8-7 annet ledd annet punktum skal lyde:

Protokollen skal *signerast* av dei styremedlemmene som deltok.

### III

I lov 16. juni 2017 nr. 65 om eierseksjoner gjøres følgende endringer:

Ny § 6 a skal lyde:

§ 6 a *Kommunikasjon mellom styret og seksjonseierne*

*Styret bestemmer hvordan meldinger og lignende etter loven gis til seksjonseierne. Seksjonseierne kan reservere seg mot å motta meldinger elektronisk. Styret skal informere seksjonseierne i rimelig tid før ny kommunikasjonsmåte tas i bruk. Meldinger skal gis på en betryggende og hensiktsmessig måte.*

*Når en seksjonseier skal gi meldinger og lignende etter denne loven til sameiet, kan han eller hun gjøre dette ved bruk av elektronisk kommunikasjon til den e-postadressen eller på den måten sameiet har fastsatt for dette formålet.*

*Krav i loven om at meldinger og lignende skal være eller gis skriftlig, er ikke til hinder for elektronisk kommunikasjon.*

*Departementet kan i forskrift gi regler om krav til meldinger og lignende mellom styret og seksjonseierne.*

Ny § 6 b skal lyde:

§ 6 b *Utarbeidelse og oppbevaring av dokumentasjon*

*Styret skal utarbeide og oppbevare dokumentasjon som det er krav om etter loven, på en trygg og forsvarlig måte. Dokumentasjonen skal være tilgjengelig fra Norge.*

*Krav om at dokumentasjon skal være eller gis skriftlig, er ikke til hinder for bruk av elektroniske løsninger.*

*Departementet kan i forskrift gi bestemmelser om oppbevaringstid for bestemte dokumenttyper, hva som er egnet format på dokumentasjonen, hva som skal regnes som trygg og forsvarlig utarbeidelse og oppbevaring, og om sikkerhetsnivå for signatur.*

§ 41 nytt annet ledd skal lyde:

*Styret beslutter hvordan årsmøtet skal gjennomføres. Årsmøtet skal gjennomføres som fysisk møte dersom minst to seksjonseiere som til sammen har minst ti prosent av stemmene, krever det. Styret kan sette en frist for når et krav om fysisk møte kan settes frem. Fristen kan tidligst løpe fra seksjonseierne har blitt informert om hvilke saker årsmøtet skal behandle, og må være så lang at seksjonseierne får rimelig tid til å vurdere om de skal fremme krav om fysisk møte. Dersom årsmøtet ikke gjennomføres som fysisk møte, må styret sørge for en forsvarlig gjennomføring og at det foreligger systemer som sikrer at lovens krav til årsmøte er oppfylt. Systemene må sikre at deltakelsen og stemmegivningen kan kontrolleres på en betryggende måte, og det må benyttes en betryggende metode for å bekrefte deltakernes identitet.*

§ 42 nytt annet punktum skal lyde:

*Bestemmelsene i § 41 annet ledd gjelder tilsvarende for ekstraordinære årsmøter.*

§ 53 annet punktum skal lyde:

Møtelederen og minst én seksjonseier som utpekes av årsmøtet blant dem som *deltar*, skal signere protokollen.

§ 56 første ledd nytt tredje og fjerde punktum skal lyde:  
*Styrelederen avgjør om sakene skal behandles i fysisk møte eller på annen måte. Alle styremedlemmene kan kreve fysisk møte.*

§ 56 femte ledd annet punktum skal lyde:

Alle de *deltakende* styremedlemmene skal signere protokollen.

### IV

1. Loven gjelder fra den tid Kongen bestemmer. De enkelte bestemmelsene kan settes i kraft på ulike tidspunkter.
2. Endringene i bustadbyggjelagslova § 5-6, burettslagslova § 7-4 og eierseksjonsloven § 41 om adgang til å holde generalforsamling og årsmøte uten fysisk møte gjelder selv om innkalling er sendt før endringene trådte i kraft.

